



# VANYLVEN KOMMUNE

## Serviceforset

Skuleleiarar

Saksnr	Løpenr/Arkiv	Dykkar ref.	Avd/Saksansvarleg	Dato
2011/65	1041/2011 / B10		SER / STRGUN	17.02.2011

### MELDING OM VEDTAK

#### **Permisjon frå den pliktige opplæringa - elevar i grunnskulen.**

Livsløpsutvalet handsama i møte den 16.02.2011 – sak 11/2011. Følgjande vedtak vart fatta:

Livsløpsutvalet støttar skuleadministrasjonen med å legge felles føring for at permisjonssøknad for elevar i grunnskulen **grunna feriereise** ikkje skal imøtekomast. Slik permisjon kan ikkje seiast ha ein pedagogisk forsvarleg grunn.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:  
Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes  
Konsulent

Kopi: Kommunalsjef kultur- og oppvekstsektor

Postadresse:  
Rådhuset  
6143 FISKÅ

postmottak@vanylven.kommune.no  
Telefon:  
70030000

Telefaks:  
70030009

<http://www.vanylven.kommune.no>  
Org.nr  
964 978 662

Bankgiro:  
3972 07 00151



# VANYLVEN KOMMUNE

## SAKSFRAMLEGG

---

<i>Saksnr:</i> 2011/65	<i>Arkiv:</i> B10	<i>Avd/Saksansv:</i> KUO/STRGUN
---------------------------	----------------------	------------------------------------

---

<b>Utvalsaksnr</b> 11/2011	<b>Utval</b> Livsløpsutvalet	<b>Møtedato</b> 16.02.2011
-------------------------------	---------------------------------	-------------------------------

### **Permisjon frå den pliktige opplæringa - elevar i grunnskulen.**

#### **Tilråding:**

Livsløpsutvalet støttar skuleadministrasjonen med å legge felles føring for at permisjonssøknad for elevar i grunnskulen grunna feriereise ikkje skal imøtekomast. Slik permisjon kan ikkje seiast ha ein pedagogisk forsvarleg grunn.

#### **Saksvedlegg:**

Søknadsskjema for elevpermisjon.

#### **Samandrag av saka:**

Grunnskulane i Vanylven har hatt og har felles rutinar i høve søknad om permisjon for elev frå undervisninga, men ny forskrift frå 01.08.2010 om føring av fråver på vitnemålet har gitt grunn for å vurdere kva grunngjeving i søknaden som skal kunne seiast vere forsvarleg. Det for at rektorane skal gjennomføre lik handsaming for elevane i kommunen.

Kommunalsjef for kultur- og oppvekstsektoren har delegert mynde til rektor ved den einsskild skulen slik:

1. I Vanylven kommune har rektor ved den einsskild skulen fullmakt til å gje elevane permisjon i inntil to veker.
2. Det er ein føresetnad at eige søknadsskjema med erklæring fyllast ut. Føresette må ta ansvar for naudsynt undervisning i permisjonstida og fråskrive seg evt. krav om at kommunen skal sørge for at eleven får ta att "tapt" undervisningstid. Skjemaet skal signerast av både føresette og rektor.

Dersom permisjonstida det søkjast om er for eit lengre tidsrom enn to veker skal søknaden gå ad tenesteveg til kommunalsjef for vedtak.

Ved søknad om permisjon meir enn to veker vert eleven utskreven frå grunnskulen i Vanylven frå den dato permisjonen er søkt frå og innskreven igjen når eleven kjem tilbake. Kommunen fråskriv seg forsikringsansvar på eleven i same periode.

Etter innføring av strengare reglar for føring av fråver i vitnemål frå grunnskulen, jmf. Stortingsmelding "Kvalitet i skolen", har spørsmålet om å gi elevane permisjon frå undervisninga grunna feriereiser skapt frustrasjon i høve lik handsaming og rettferd mellom elevane og skulane.

Endring i forskrift frå 01.08.2010 seier

- Alt fråver skal førast på vitnemålet, i dagar og einsskildtimar. Einsskildtimar kan ikkje gjerast om til heile dagar.
- Foreldra kan søkje om at fråver kan trekkast frå, men må dokumentere med legeattest.
- Ved dokumentert fråver kan inntil 10 dagar trekkast frå på vitnemålet. Det gjeld berre ved sjukdom og permisjon gitt etter opplæringslova §2-11 (Når det er forsvarleg kan kommunen gi permisjon i inntil to veker.)

Nye og strengare reglar for føring av fråver på vitnemålet gjer at skulane må vere meir påpasselege med kva det vert gitt permisjon til.

§2-11 i opplæringslova gir ikkje mange høve til å innvilge permisjon.

Trass felles rutine ved søknad om permisjon til elevar frå undervisninga opplever rektorane og lærarane stadig utfordringar i høve "kva tid er det forsvarleg å gi elevar fri?"

Det er berre 190 skuledagar i året og heller ikkje høve til å ta att tapt tid, og då stiller skulen seg spørsmålet om det kan seiast å vere pedagogisk, fagleg forsvarleg å gi permisjon til feriereiser.

Oftare enn før søker foreldra elevar fri frå skulen for å reise til Syden, og det er ikkje alltid tidspunkta er gunstige for eleven sin del.

Døme på utfordringar som kan dukke opp:

- to elevar i same familie, den eine i barneskulen og den andre i ungdomsskulen. Er det like forsvarleg å gi dei ulike elevane fri?
- skal eleven sin faglege ståstad vere avgjerande?
- fri til sydentur for same elev(ar) kvart år eller to gonger pr år
- ferie ved skulestart i 1.klasse
- ferieveker etter ein lang sommarferie
- kven skal avgjere kva familiar som av økonomiske grunnar må få innvilga permisjon
- fråtrekk på vitnemålet fråver grunna ferietur, men kanskje ikkje fråtrekk fråver grunna sjukdom
- viser til vilkåret kommunen har for å gi permisjon; kor enkelt

## Saksopplysningar:

*Opplæringslova, kapittel 2. Grunnskolen*

### § 2-1. Rett og plikt til grunnskoleopplæring

Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikten kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskoleopplæring eller gjennom anna, tilsvarende opplæring.

Dersom ein elev utan å ha rett til det har fråver frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråveret kjem av at dei har handla forsettleg eller aktaust. Offentleg påtale blir ikkje reist utan når kommunen set fram krav om slik påtale.

### § 2-2. Omfanget av grunnskoleopplæringa i tid

Departementet gir forskrifter om samla tid til opplæring i grunnskolen.

Kommunen kan gi forskrifter om undervisningstid ut over timerammene i forskriftene etter første leddet. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret.

Kommunen gir forskrifter om skole- og feriedagar i skoleåret for elevane. Forskrifta skal vere tilpassa avviklinga av nasjonale prøver. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Departementet kan gi forskrifter om rammer for dagleg skoletid og om pausar for elevane.

Vanylven kommune får framlegg om skulerute tilsendt frå fylket for uttale om evt ønske om endring. I praksis har det vist seg at kommunen ved LU godkjenner skuleruta slik den ligg føre fordi alle veit at den skal vere samordna for heile fylket og må følgje Fjord1 sitt ruteopplegg.

### § 2-11. *Permisjon frå den pliktige opplæringa*

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

### Vurdering og konklusjon:

Rutinene for søknad om permisjon til elev er forskriftsmessige. Enn så lenge har skulane gitt fri, men antal søknader aukar. For å tydeleggjere ansvaret til foreldra og for å sette fokus på at skulen er viktig for elevane, vil Vanylven kommune gjennom felles føring frå administrasjonen og politisk fagutval ikkje innvilge permisjon til elevar grunna feriereiser. Foreldra kan likevel velje å ta elevane ut av skulen utan at det fører til sanksjonar frå skulen si side. Foreldra er då sjølve ansvarlege i høve §2-1 i opplæringslova og elevane får fråveret ført på vitnemålet.

Fiskåbygd, 10.02.2011

Gudmund Sandnes  
rådmann

Gunvor Strand  
kommunalsjef

### Handsaming:

**Framlegget vedteke med 6 røyster mot 1 røyst.**

### VEDTAK:

Livsløpsutvalet støttar skuleadministrasjonen med å legge felles føring for at permisjonssøknad for elevar i grunnskulen grunna feriereise ikkje skal imøtekomast. Slik permisjon kan ikkje seiast ha ein pedagogisk forsvarleg grunn.



## SØKNAD OM PERMISJON - ERKLÆRING OM ANSVAR

Vi søker med dette om permisjon for

Elev: \_\_\_\_\_

Tidsrom: \_\_\_\_\_

Grunngjeving:

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

Vi er klar over at vi som foreldre i samarbeid med skulen har ansvar for at \_\_\_\_\_ får den undervisning som han/ho har krav på etter Opplæringslova.

Vi vel likevel å ta han/ho ut av skulen disse undervisningsdagane og godtek dermed at Vanylven kommune ikkje har plikt til å setje inn ekstraressursar for å ta igjen den opplæringa/kunnskapen eleven kan ha tapt i permisjonstida. Føresette kan heller ikkje forvente at lærar legg ekstra arbeid i å lage arbeidsoppgåver/lekser til eleven for permisjonstida.

\_\_\_\_\_  
Stad

\_\_\_\_\_  
Dato

\_\_\_\_\_  
Underskrift av føresette

Rektor sitt vedtak :

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Dato

\_\_\_\_\_  
Rektor



**VANYLVEN KOMMUNE**  
Oppvekstsektoren  
6143 FISKÅBYGD

Kommunalsjef oppvekst: 70030005  
Fax rådhuset: 70030009  
E-post: [gunvor.strand@vanylven.kommune.no](mailto:gunvor.strand@vanylven.kommune.no)